

Saksprotokoll 04.06.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samråystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til prinsipp for fordeling av midlar, slik dei kjem fram av saka.
2. Total tildeling til Vestland fylkeskommune vert fordelt mellom DKS i grunnskulen og i vidaregåande skule i samsvar med føringar frå Kulturtanken.
3. Del til DKS i grunnskulen vert fordelt mellom fylkeskommunen og kommunane slik:
 - relativ del til Bergen kommune
 - ein tredel av resterande del fordelt på kommunane etter fordelingsnøkkelen frå Kulturtanken
 - to tredeler av resterande del til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program i grunnskulen
4. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering får fullmakt til å fordele spelemidlar til kommunane i Vestland etter prinsippa i saka og tildelingsbrev frå Kulturtanken når dette ligg føre.